



Fakultet for samfunns-  
og utdanningsvitenskap  
Institutt for lærarutdanning



# KORsong & KORona

Pandemierfaringar i  
Norges Korforbund Sør-Trøndelag

ØYVIND JOHAN EIKSUND

2022

Tittel: KORsong & KORona  
Undertittel: Pandemierfaringar i Norges Korforbund Sør-Trøndelag  
Forfattar: Øyvind Johan Eiksund / Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet (NTNU)  
Dato: 10.03.2022  
ISBN: 978-82-7923-097-7  
Prosjekt: Erfaringar frå COVID-19-pandemien i Norges Korforbund Sør-Trøndelag  
Prosjektleiar: Øyvind Johan Eiksund  
Oppdragsgivar: Norges Korforbund Sør-Trøndelag (NKST)

**Øyvind Johan Eiksund** er førsteamanuensis i musikk ved Institutt for lærarutdanning ved Fakultet for samfunns- og utdanningsvitenskap, NTNU. Eiksund si doktorgradsavhandling, *Koret som spenningsfelt: Mellom det små og det store* (2019) frå Høgskulen i Volda (HVO) / Noregs musikkhøgskole (NMH) tok for seg korkultur på Søre Sunnmøre. I tillegg til korfeltet har Eiksund erfaring frå forskingsprosjekt retta mot mellom anna musikkteknologi i didaktisk praksis og kulturskule.

# Innhaldsliste

<b>Samandrag .....</b>	<b>7</b>
<b>Innleiing .....</b>	<b>8</b>
<i>Kort leserettleiing.....</i>	9
<b>Del 1 – Om undersøkinga .....</b>	<b>10</b>
<i>Mandat, formål og problemstillingar.....</i>	10
<i>Framgangsmåte .....</i>	10
Kvalitetssjekk og vasking av innsamla data .....	11
<i>Skildring av populasjon og vurdering av utval.....</i>	11
<i>Personvern .....</i>	13
<b>Del 2 – Presentasjon av resultat .....</b>	<b>14</b>
<i>Bakgrunn og medlemskapsforhold.....</i>	14
Kjønnsfordeling.....	14
Aldersfordeling.....	14
Fartstid i kor .....	15
Medlemskap i fleire enn eitt kor .....	15
Amatør/profesjonell .....	16
Oppstart under pandemien.....	16
Permisjon frå koret under pandemien? .....	16
Kven har styreverv i NKST? .....	17
<i>Korverksemd i pandemtid .....</i>	18
Kora sine tilbod under pandemien .....	18
Deltaking på korøvingar .....	19
Plattform for digitale korøvingar.....	19
Vurdering av kora sine tilbod under pandemien.....	20
Opplevinga av kora sine tilbod under pandemien .....	21
Sakn i periodar utan fysiske øvingar.....	25
<i>Koret etter pandemien.....</i>	27
Varige endringar for korverksemda.....	27

Styrearbeid etter pandemien .....	27
Kva tilbod vil du at koret skal ha etter pandemien?.....	30
<b>Del 3 – Vegen vidare .....</b>	<b>37</b>
<i>Korverksemda har tilpassa seg, men pandemien har hatt ein kostnad.....</i>	37
Diskusjonsspørsmål.....	38
<i>Dei fysiske møta .....</i>	38
Diskusjonsspørsmål.....	39
<i>Digitale verktøy og hjelpemiddel.....</i>	39
Diskusjonsspørsmål.....	40
<i>Styre- og organisasjonsarbeid .....</i>	40
Diskusjonsspørsmål.....	41
<i>Avslutting.....</i>	41
<b>Kjeldeliste.....</b>	<b>43</b>
<b>Vedlegg.....</b>	<b>45</b>
<i>Vedlegg 1 .....</i>	45
<i>Vedlegg 2 .....</i>	46
<i>Vedlegg 3 .....</i>	47

# **Figuroversikt**

Figur 1 – Samanlikning av populasjons- og utvalsdata .....	12
Figur 2 – T-test av utval med og utan styreverv.....	13
Figur 3 – Kjønnsfordeling .....	14
Figur 4 – Aldersfordeling .....	15
Figur 5 – Medlemskap i fleire enn eitt kor.....	15
Figur 6 – Amatør eller profesjonell .....	16
Figur 7 – Permisjon under pandemien .....	16
Figur 8 – Kora sine tilbod under pandemien.....	18
Figur 9 – Deltaking på fysiske og digitale øvingar.....	19
Figur 10 – Plattform for digitale øvingar.....	20
Figur 11 – Vurdering av kora sine tilbod under pandemien.....	21
Figur 12 – Vurdering av totaltilbodet under pandemien .....	22
Figur 13 – Koret som del av det sosiale nettverket .....	23
Figur 14 – Tilhøyrsel til koret .....	24
Figur 15 – Læringsutbyte under pandemien.....	25
Figur 16 – Musikalsk utbyte under pandemien .....	25
Figur 17 – Faktorar som er blitt sakna i periodar utan fysiske øvingar.....	26
Figur 18 – Varige endringar som følgje av pandemien .....	27
Figur 19 – Fysiske styremøte etter pandemien.....	28
Figur 20 – Digitale styremøte etter pandemien.....	29
Figur 21 – Vurdering av digitale styremøte .....	30
Figur 22 – Behov for fysiske korøvingar .....	31
Figur 23 – Behov for digital deltaking om fysisk oppmøte ikkje er mogleg .....	32
Figur 24 – Digital korøving som alternativ til fysisk korøving.....	32
Figur 25 – Øvingsfiler og digitale verktøy .....	33
Figur 26 – Fysisk eller digitalt årsmøte .....	34
Figur 27 – Streamingkonsertar/-framføringar som supplement .....	35
Figur 28 – Er streamingkonsertar/-framføringar nødvendige etter pandemien? .....	35
Figur 29 – Kva ser ein mest fram til etter pandemien? .....	36

## **Samandrag**

Korverksemd er eit døme på ein aktivitet som i stor grad fekk kjenne konsekvensane av pandemi og smitteverntiltak på kroppen. Nedstenginga av samfunnet sette ein effektiv stoppar for ein musikkaktivitet som i normaltid samlar mellom 200 000 og 250 000 personar i Noreg (Mæhle, 2019, 2020), og kor over heile landet blei nøydde til å tenkje raskt og kreativt for å gi kontinuitet og innhald til korsongen under sterkt endra vilkår. Denne rapporten er skriven på oppdrag av Norges Korforbund Sør-Trøndelag (NKST) og byggjer på ei nettbasert spørjeundersøking ( $n = 475$ ) blant medlemmene i NKST i perioden 10. juni til 1. september 2021. Målsetjinga har vore å undersøke kva NKST sine medlemmer sit att med frå korverksemd under pandemi og nedstenging, med eit særleg fokus retta mot erfaringar som kan vere til hjelp for framtidig drift, og som kan bidra til å utvikle ulike aspekt ved korverksemda.

Resultata syner at mange kor har strekt seg langt for å gi eit så fullverdig tilbod som mogleg under pandemien, men at mange av medlemmene i NKST likevel har mista viktig innhald. Trass stor innsats har det òg vore utfordrande å halde kvaliteten på tilboden oppe, noko som har resultert i lågare utbyte og svekt kjensle av tilhøyrsel blant medlemmene. Resultata syner òg at det fysiske møtet, anten det no gjeld på øvingar, i styremøte eller i konsertsalen, er det ein gleder seg aller mest til etter pandemien. I lys av dette finst det òg ein ambivalens til å ta med seg digitale øvings- og deltagingsformer inn i den nye normalen. Arbeidet som er gjort kring andre digitale verktøy (øvingsfiler, appar, nettsider og liknande), er derimot eit gode som det absolutt er eit ønske om å ta med vidare. Undersøkinga peiker òg på at dei aller fleste medlemmene trur erfaringane frå pandemien vil føre til varige endringar i korverksemda framover.

## Innleiing

Våren 2020 tok verda til å forstå omfanget og alvoret i den globale COVID-19-pandemien, og drastiske tiltak blei innførte i land etter land. Ikkje minst fekk desse tiltaka omfattande konsekvensar for det frivillige musikklivet. For korverksemda her til lands innebar tiltaka store utfordringar. I mars 2020 stengde det norske samfunnet ned, og for amatørkoret, som vanlegvis møtest til øvingar og sosialt samvær éin gong i veka, fanst det ikkje noko anna alternativ enn å ta pause på ubestemt tid eller legge om til digital drift. Sidan då har kormedlemmer, korstyre, dirigentar, musikarar, forbund og ikkje minst publikum, familie og venner måtta tolde eit stadig skiftande regime av forskrifter, smitteverntiltak, sjukdom, vaksinerundar og meir eller mindre velfungerande digitale løysingar og økonomiske støtteordningar. I skrivande stund, relativt nøyaktig to år etter nedstenginga, er det norske samfunnet på veg inn i ein postpandemisk normal der dagens virusvariant ikkje lenger kan haldast frå livet og heller ikkje gjer like stor skade. Samfunnet er opna på ny, og kora kan igjen samlast til fysiske korøvingar éin gong i veka utan å ta omsyn til særskilde smittevernforskrifter. Men er det berre å gå tilbake til slik kordrifta var før pandemien, eller har noko endra seg? Finst det lærdom å ta med seg frå to år med pandemi?

Det er publisert ei rekke artiklar og rapportar om korverksemdu under koronapandemien. Theorell et al. (2020) gjennomførte ei spørjeundersøking blant medlemmer i norske og svenske korforbund for å undersøke kva korsongarar saknar mest i periodar utan fysiske øvingar. Her blei tapet av det sosiale aspektet trekt fram som mest sentralt. I Danmark gjennomførte kororganisasjonen Kor72<sup>1</sup> ei undersøking blant medlemskora sine i siste halvdel av 2020 for å sjå på kva konsekvensar COVID-19 hadde for drifta. Rapporten trekkjer fram økonomiske konsekvensar som særleg akutte. Det er òg gjort studiar som ser på smittefarene ved korsong (Alsved et al., 2020; Anderson et al., 2020; Lewis, 2021) som i takt med forståinga av COVID-19 og stadig nye mutasjonar og variantar har ført til ulike råd og retningslinjer for korsong. Enkelte

---

<sup>1</sup> <https://www.kor72.dk> (tilgang 10. mars 2022)

studiar har òg fokusert på kordirigenten sin praksis under pandemien (Rachel & Scot, 2021; Scott & Irene, 2021).

Denne rapporten, basert på ei spørjeundersøking blant medlemmene i Norges Korforbund Sør-Trøndelag ( $n = 475$ ), handlar om erfaringar frå det å vere kordeltakar under ein pandemi, og om korleis medlemmene ser for seg at korverksemda vil sjå ut etter at pandemien er over. Erfaringane som blir rapporterte, høyrer til den enkelte kormedlem, men til saman teiknar desse erfaringane eit større biletet som inneholder tendensar og samanhengar i eit svært samansett og variert felt under særskilt utfordrande tilhøve. Rapporten teiknar ikkje heile biletet, og mange viktige perspektiv (til dømes dirigentperspektivet) kjem ikkje til syne her. Forhåpentlegvis kan rapporten likevel fungere som ein meiningsfull del av grunnlaget for det kontinuerlege arbeidet med å utvikle korverksemda i Sør-Trøndelag.

Ein stor takk blir retta til alle medlemmer i Norges Korforbund Sør-Trøndelag som tok seg tid til å svare på spørjeundersøkinga. Tusen takk også til Trine Lyng Andersen og Tove Ramlo-Ystad i Norges Korforbund Sør-Trøndelag for god hjelp og viktig støtte gjennom prosessen.

## Kort leserettleiing

Rapporten består av tre hovuddelar. Del 1 tek for seg bakgrunnen for og dei tekniske og metodiske aspekta ved undersøkinga. I del 2 blir resultata frå spørjeundersøkinga lagde fram. Først blir det gjort greie for respondentens bakgrunn og medlemskapsforhold i koret. Deretter blir kora sine tilbod under pandemien og respondentane si deltaking i og oppleving av desse tilboda presenterte. Til slutt blir fokuset flytta mot kva tankar respondentane har om kor og korverksembla etter pandemien. Rapporten sin tredje hovuddel løftar fram enkelte resultat, presenterer nokre moglege tolkingar og skisserer nokre spørsmål til diskusjon.

God lesing!

# **Del 1 – Om undersøkinga**

## **Mandat, formål og problemstillingar**

Prosjektet hadde som formål å undersøke kva erfaringar medlemmene i Norges Korforbund Sør-Trøndelag (NKST) satt att med frå korverksemد under pandemi og nedstenging. Eit særleg fokus blei retta mot erfaringar som kan vere til hjelp for framtidig drift, og som kan bidra til å utvikle ulike aspekt ved korverksemda. I arbeidet med undersøkinga er det teke utgangspunkt i to hovudproblemstillingar:

1. Kva tilbod har medlemmene i NKST fått frå kora sine under pandemien, og korleis har desse tilboda blitt opplevde?
2. Korleis kan erfaringane som er gjorde blant medlemmene i NKST under pandemien, bidra til å utvikle korverksemda?

## **Framgangsmåte**

For å svare på studiens hovudproblemstillingar blei det planlagt ei spørjeundersøking med tverrsnittdesign blant medlemmene i NKST. Tverrsnittdesignet er avgrensa til eitt tidspunkt og blir ofte brukt for å studere eit notidig fenomen. Informasjon om og lenkje til undersøkinga blei send ut frå Norges Korforbund 10. juni. Fristen for å svare var i utgangspunktet 17. juni 2021, men for å auke svarprosenten blei fristen etter kvart utvida til 1. september 2021. Ei påminning blei send ut 20. august 2021 (sjå vedlegg 1 og 2).

Skjemaet inneholdt 28 spørsmål i ulike format. Enkelte spørsmål blei synlege berre om respondenten svarte positivt / huka av på tidlegare spørsmål (til dømes fekk berre respondentar som svarte ja på at dei hadde hatt styreverv under pandemien, spørsmål om styrearbeid). Første del av skjemaet undersøkte respondentens bakgrunn og medlemskapsforhold i koret. Andre del kartla koret sine tilbod under pandemien og respondenten si deltaking i og oppleveling av desse tilboda. Den tredje delen undersøkte respondenten sine tankar om kor og korverksemد etter pandemien. Spørsmålsformata varierte mellom utfyllingsspørsmål, ja/nei-spørsmål, avhukningar og vurderingsspørsmål i Likert-format (sjå vedlegg 3).

## **Kvalitetssjekk og vasking av innsamla data**

I gjennomgangen av datamaterialet blei det oppdaga få openberre feilsvar. I eit av spørsmåla var respondentane bedne om å svare på kor mange år dei har sunge i koret dei no var medlem i. To av respondentane har her svart eit tal som er større enn eller lik sin eigen alder. Den eine respondenten svarte 1992, noko som i denne samanhengen blir tolka til å vere året vedkommande starta i koret. I datamaterialet er dette omgjort til 29 (2021 minus 1992). For den andre respondenten er svaret erstatta med gjennomsnittet av svara til dei resterande respondentane. Utover dette var det ikkje behov for opprydding i svara utover reformatering. Analysar blei gjennomførte i statistikkprogramvara SPSS<sup>2</sup>.

## **Skildring av populasjon og vurdering av utval**

Populasjonen var alle registrerte medlemmer i NKST, noko som i dette tilfellet òg utgjorde utvalsramma. Invitasjonen til undersøkinga gjekk gjennom Norges Korforbund (NK) sine system. 2239 av dei 2423 registrerte medlemmene hadde unike e-postadresser, og ved å ekskludere duplike e-postadresser og mottakarar som hadde reservert seg mot å få informasjon gjennom denne kanalen, sat ein att med ei liste på 1780 moglege mottakarar, som alle fekk tilsendt informasjon om og lenke til undersøkinga (sjå vedlegg 1 og 2). Til fristen 1. september 2021 responderte til saman 475 på undersøkinga.

Ei viktig vurdering i denne typen undersøking er i kor stor grad dei innkomne svara gir eit godt (og til ein viss grad representativt) bilet av populasjonen, og kva uvisse resultata har. I utgangspunktet er 475 respondentar ei god mengd av utvalsramma. Med ein slik respons kan ein forvente at fleire svar ikkje endrar resultata i avgjerande grad, om det då ikkje finst ein systematisk skeivskap i utveljinga eller bortfallet av respondentar. Ei slik uvisse er knytt til kven som har reservert seg mot å få tilsendt e-postinformasjon frå NK, og kven av medlemmene som ikkje har registrert e-postadressene sine i NK sine system. Ein måte å kontrollere for dette på er å

---

<sup>2</sup> <https://www.ibm.com/analytics/spss-statistics-software> (tilgang 10. mars 2022)

samanlikne respondentdata frå undersøkinga med populasjonsdata henta frå NK sine system. Figur 1 syner ei samanlikning av gjennomsnittsalder, kjønnsbalanse og andel med styreverv i utvala.

	NK populasjonsdata (n = 2423)	Utvalsdata (n = 475)	Differanse
<b>Snittalder</b>	56,0 år	59,6 år	3,6 år
<b>Kvinneandel</b>	64,2 prosent	66,9 prosent	2,7 prosent
<b>Andel med styreverv</b>	14,0 prosent	32,8 prosent	18,8 prosent

Figur 1 – Samanlikning av populasjons- og utvalsdata

Gjennomsnittsalderen på respondentane ligg 3,6 år over snittalderen i populasjonen, medan kvinneandelen blant respondentane ligg 2,7 prosent over kvinneandelen i populasjonen. Den største skilnaden ligg i andelen med styreverv som har svart på undersøkinga (32,8 prosent), samanlikna med andelen med styreverv i populasjonen (14,0 prosent). Denne skilnaden kan skuldast fleire faktorar. Mest nærliggjande er det å tru at færre med styreverv har reservert seg mot e-postinformasjon frå NK, og at medlemmene med styreverv dermed er blitt overrepresenterte blant dei som fekk tilbod om å ta del i undersøkinga. I tillegg kan ein anta at det å ta på seg styreverv har ein samanheng med generelt engasjementsnivå, som igjen medfører høgare motivasjon for å gjennomføre ein slik type undersøking. Uansett årsak kan denne skeivskapen påverke resultata, og det blei dermed gjort ein T-test av uavhengige utval med eit 95 prosents konfidensintervall av respondentar med styreverv samanlikna med respondentar utan styreverv for ei rekke variablar i undersøkinga.

Variabel	Med styreverv	SD	Utan styreverv	SD	P-verdi	T-verdi
Kor_bra_fysiske_øvingar	3,79	0,879	3,54	1,024	<b>0,014</b>	2,474
Kor_bra_digitale_øvingar	2,86	0,929	2,72	1,028	0,195	1,300
Kor_bra_sosiale_tilstellingar	3,50	1,110	3,44	1,056	0,797	0,257
Kor_bra_øvingsfiler_digitale_verktøy	3,70	0,876	3,73	0,965	0,833	-0,210
Kor_bra_digitalt_årsmøte	3,90	0,903	3,68	1,002	0,081	1,757
Kor_bra_innspelingsprosjekt	3,96	0,889	3,77	0,902	0,410	0,830
Kor_bra_fysiske_konsertar	3,97	0,955	3,74	1,005	0,171	1,376

Kor_bra_streamingkonsertar	3,89	1,050	3,81	0,848	0,733	0,342
Totaltilbod	3,40	1,201	3,65	1,170	<b>0,036</b>	-2,099
Lært_mindre	2,20	1,068	1,97	1,046	<b>0,030</b>	2,175
Svekt_tilhørsel	3,33	1,401	2,84	1,396	<,001	3,541
Viktig_sosialt_nettverk	2,90	1,185	3,23	1,311	<b>0,007</b>	-2,736
Musikalsk_utbyte_bra	3,97	1,047	4,15	1,016	0,085	-1,726
Varige_endringar	2,43	0,931	2,51	0,996	0,411	-0,822
Øvingar_skal_vere_fysiske	1,09	0,415	1,21	0,630	<b>0,016</b>	-2,416
Digitalt_tilbod_må_finnast	2,67	1,209	2,77	1,381	0,400	-0,843
Digitalt_fint_alternativ	2,72	1,347	2,94	1,386	0,113	-1,587
Øvingsfiler_må_finnast	1,56	0,797	1,75	1,004	<b>0,033</b>	-2,141
Årsmøtet_må_vere_fysisk	1,98	1,210	2,11	1,215	0,277	-1,088
Streamingkonsertar_viktig_suppl	3,10	1,238	3,24	1,193	0,219	-1,231
Streamingkonsertar_unødvendig	2,59	1,269	2,50	1,223	0,451	0,755
Ser_mest_fram_til	2,46	1,132	2,46	1,036	0,981	-0,024

Figur 2 – T-test av utval med og utan styreverv

Analysen syner at det finst signifikante skilnader mellom dei to utvala for fleire av variablane (p-verdiar < 0,05 merkte med raudt i figur 2). Figuren syner òg at skilnaden i gjennomsnitt mellom dei to gruppene er relativt låg. På grunn av dette er resultata i denne rapporten hovudsakleg rapporterte med utgangspunkt i heile utvalet, då det å skilje mellom desse utvala i rapporteringa ikkje vil bidra med meiningsfylt informasjon.

## Personvern

Til å gjennomføre spørjeundersøkinga blei det brukt eit nettbasert sjølvutfyllingsskjema, *Nettskjema* frå Universitet i Oslo. I oppsettet som blei valt, blei det ikkje samla inn IP-adresser eller annan personidentifiserande informasjon. Då distribusjonen skjedde gjennom Korforbundet sine system, var heller ikkje e-postadresser gjorde tilgjengelege, og undersøkinga var dermed ikkje meldepliktig til NSD (SIKT – kunnskapssektorens tenesteleverandør frå 1. januar 2022)<sup>3</sup>.

---

<sup>3</sup> <https://sikt.no> (tilgang 10. mars 2022)


## Del 2 – Presentasjon av resultat

I denne delen blir resultata frå spørjeundersøkinga presenterte. Spørjeundersøkinga var delt i tre. Første del av skjemaet undersøkte respondentens bakgrunn og medlemskapsforhold i koret. Andre del kartla koret sitt tilbod under pandemien og respondenten si deltaking i og oppleving av desse tilboda. Den tredje delen undersøkte respondenten sine tankar om kor og korverksemål etter pandemien.

### Bakgrunn og medlemskapsforhold

#### Kjønnsfordeling

Det er ei vanleg oppfatning at menn er ei mangelvare i kor. Tal frå undersøkinga støttar opp om dette synet. To tredalar (66,9 prosent) av dei som svarte på undersøkinga, var kvinner, og berre ein tredel (33,1 prosent) var menn (figur 3).




Figur 3 – Kjønnsfordeling

#### Aldersfordeling

Figur 4 syner aldersfordelinga av respondentane. Den yngste som svarte, var 21 år, medan den eldste var 85 år. Gjennomsnittet blant respondentane låg på 59,6 år ( $SD = 13,005$ ). Hovudtyngda av songarane ligg i alderssjiktet 46–73 år. Dette vitnar om at dei fleste kora i Sør-Trøndelag utgjer ein viktig aktivitet for godt vaksne folk i siste del av arbeidslivet og for pensjonistar. Korsong blir dermed ein aktivitet som for mange tilbyr kontinuitet gjennom overgangen mellom arbeidsliv og pensjonisttilvære.

Om ein ser på snittalderen for kvinner og menn, ligg gjennomsnittet for menn (63,9 år /  $SD = 12,830$ ) 6,5 år over gjennomsnittet for kvinner (57,4 år /  $SD = 12,578$ ). Menn i kor er altså både færre og eldre enn kvinnene.




Figur 4 – Aldersfordeling

### Fartstid i kor

I snitt hadde respondentane i denne undersøkinga vore med i koret sitt i 15,7 år ( $SD = 12,076$ ). Respondenten med kortast fartstid hadde starta i koret inneverande år, medan den med lengst fartstid oppgav å ha sunge i koret i 67 år. Skilnaden på fartstid i koret mellom kvinner (15,3 år /  $SD = 11,954$ ) og menn (16,5 år /  $SD = 12,319$ ) var liten.

### Medlemskap i fleire enn eitt kor


For mange held det ikkje å vere medlem i berre eitt kor. Blant respondentane svarte 13,3 prosent at dei på tidspunktet då undersøkinga blei gjennomført, var medlem i fleire enn eitt kor, medan 86,7 prosent heldt seg til berre det eine (figur 5).



Figur 5 – Medlemskap i fleire enn eitt kor

## Amatør/profesjonell

I eit av spørsmåla i undersøkinga blei respondentane spurde om dei definerte seg sjølve som amatørar eller som profesjonell songarar – også profesjonelle songarar kan syngje i kor. Ikkje overraskande svarte heile 98,5 prosent at dei definerte seg som amatørar, og berre 1,5 prosent som profesjonelle songarar (figur 6).




Figur 6 – Amatør eller profesjonell

## Oppstart under pandemien

Det har vore spekulert i kva effekt pandemien hadde på rekrutteringa til kor. Ville nokon i det heile begynne med korsong i ein periode der aktiviteten var så avgrensa? Ville lange periodar med isolasjon og nedstengingar føre til at folk søkte sosiale og musikalske fellesskap i aktivitet, trass smitteverntiltaka elles i samfunnet? Undersøkinga syner at enkelte fann vegen inn i kor under pandemien. 2,9 prosent svarte at dei begynte i koret under pandemien, men 97,1 prosent hadde starta medlemskapet sitt før mars 2020. Undersøkinga seier ikkje noko om kvifor desse valde å starte då dei gjorde.

## Permisjon frå koret under pandemien?

Eit naturleg spørsmål å stille i ei slik undersøking var om kormedlemmene hadde søkt permisjon frå koret under pandemien. Då undersøkinga blei gjennomført, hadde Noreg allereie vore gjennom nesten halvtanna år med pandemi, noko som heilt sikkert hadde vore ei påkjenning på motivasjonen for dei fleste. 14,3 prosent av respondentane svarte at dei hadde teke permisjon frå koret sitt under pandemien, uvisst av kva årsak (figur 7).



Figur 7 – Permisjon under pandemien

Undersøkinga fangar naturleg nok ikkje opp personar som avslutta medlemskapet sitt i denne perioden, berre dei som framleis var registrerte i NK sine system.


### **Kven har styreverv i NKST?**

Ved å kombinere ulike svar var det mogleg å undersøke om respondentane med styreverv skilde seg frå resten av respondentane. Kort fortalt syner desse analysane at det er uvesentlege skilnader mellom dei med og utan styreverv når det gjeld kjønn, alder og fartstid i koret. Komedlemmer med styreverv har med andre ord lik gjennomsnittsalder, like lang gjennomsnittleg fartstid og same kjønnsfordeling som resten av utvalet.

## Korverksemd i pandemitid

### Kora sine tilbod under pandemien

Eit av spørsmåla i undersøkinga opna for at respondentane kunne huke av for kva tilbod deira kor hadde gitt under pandemien. Som ein ser av figur 8, var digitale øvingar det som flest hadde fått tilbod om (83,6 prosent), tett følgt av tilbod om fysiske øvingar (77,9 prosent). Kva form desse fysiske øvingane hadde, blei det ikkje spurt om, men det er nærliggjande å anta at kor har synt stor kreativitet kring dette under varierande smittevernregime – ei stund var det mellom anna opning for å gjennomføre utandørsøvingar, noko fleire kor nytta seg av.




Figur 8 – Kora sine tilbod under pandemien

Vidare var øvingsfiler / digitale verktøy (appar, nettsider, YouTube og liknande) mykje brukt (62,5 prosent), men undersøkinga seier ikkje noko om i kor stor grad dette skilde seg frå praksisen frå før pandemien. Det er likevel nærliggjande å tru at mange kor har teke nye steg i bruken av denne typen hjelpemiddel. Over halvparten av respondentane meldte frå om at koret deira hadde gjennomført digitalt årsmøte (56,0 prosent). Når det gjeld framføringer og andre kunstnariske produksjonar, har fysiske konserter/framføringer vore mest vanleg (30,5 prosent). Litt under ein femdel

av kora har gjennomført streamingkonsertar/-framføringar (17,1 prosent), og 13,5 prosent har hatt innspelingsprosjekt. 19,8 prosent av kora har òg funne høve til å ha sosiale tilstellingar for medlemmene sine under pandemien.

### Deltaking på korøvingar

Komedlemmer kan ha hatt ulike grunnar til å ikkje nytte seg av tilboda koret deira har gitt. Som rapportert tidlegare har 14,3 prosent av respondentane teke permisjon frå koret på eit eller anna tidspunkt under pandemien. Vidare kan ulike forhold gjere at ein synest det er vanskeleg å ta del i fysiske eller digitale øvingar. På eitt av spørsmål fekk respondentane gi ei vurdering av kor mykje dei deltok på korøvingane. Som ein ser av figur 9, er det liten skilnad på oppslutninga om dei to øvingsformene. Over 60 prosent melde at dei tok del i dei fleste øvingane, uavhengig av om dei var digitale eller fysiske.




Figur 9 – Deltaking på fysiske og digitale øvingar

### Plattform for digitale korøvingar

For å gjennomføre digitale korøvingar er ein avhengig av eit anna sett rammefaktorar enn ved fysiske øvingar. Ei «normal» fysisk øving treng som regel eit veleigna lokale, gjerne utstyrt med stolar og piano. Ei digital korøving treng ei felles digital plattform alle komedlemmene får til å nytte, og eit minimum av teknologiske verktøy og


infrastruktur. På eit av spørsmåla fekk respondentane svare på kva plattform deira kor hovudsakleg hadde nytta for digitale øvingar. Som det går fram av figur 10, var Zoom den plattforma som var absolutt mest nytta under pandemien med 59,4 prosent. Microsoft Teams blei nytta av 9,9 prosent, medan Google Meet / Google Hangouts og Apple Facetime låg på rundt 4 prosent. 6,7 prosent melde om at dei nytta ei anna plattform eller ikkje visste kva plattform som hovudsakleg blei nytta i deira kor.



Figur 10 – Plattform for digitale øvingar

### Vurdering av kora sine tilbod under pandemien

Respondentane som huka av for eit visst tilbod, blei òg bedne om å vurdere kor godt dei syntest tilboden hadde fungert i koret deira. Dette gjorde dei ved å setje karakter frå 1 (svært därleg) til 5 (svært godt). Figur 11 syner gjennomsnittet av vurderingar for dei ulike tilboda og ein illustrasjon av standardavviket (+/- 1 SD). Innanfor det illustrerte standardavviket vil ein i eit normalfordelt datasett finne 68,27 prosent av verdiane. Enkelte av variablane gjeld relativt få respondentar (sosiale tilstellingar, innspelingsprosjekt og streamingkonsertar/-framføringar), noko som gjer resultata meir usikre.



*Figur 11 – Vurdering av kora sine tilbod under pandemien*


Som det går fram av figur 11, ligg dei fleste gjennomsnittsverdiane ein stad mellom 3 og 4 (på «positiv» side). Eitt tilbod skil seg ut, nemleg digitale øvingar, som respondentane har vurdert til verdien 2,76. Dette ligg nesten eit heilt poeng under gjennomsnittet for fysiske øvingar (3,63) og er det einaste tilbodet som ligg på «negativ» side. Datamaterialet seier ikkje noko om kvifor respondentane har vurdert dei digitale øvingane på denne måten, men det er tydeleg at dei ikkje har tolta samanlikninga med det respondentane har fått ut av å ta del i fysiske øvingar.

### Opplevinga av kora sine tilbod under pandemien

I eit av spørsmåla blei respondentane bedne om å vurdere fem påstandar om koret sine tilbod. Dei måtte velje mellom fem ulike svaralternativ: «svært uenig», «delvis uenig», «verken enig eller uenig», «delvis uenig» og «svært uenig». Dei fem påstandane tok for seg totaltilbodet koret hadde gitt under pandemien, læringsutbyte, opplevinga av tilhørsel, koret som sosialt nettverk og musikalsk utbyte.

### *Totaltilboden under pandemien*


Påstanden respondenten måtte vurdere, var som følgjer: «Jeg synes totaltilboden koret har gitt meg har vært like bra eller bedre enn normalt». Gjennomsnittsverdien av responsen på dette spørsmålet låg på 3,57 ( $SD = 1,184$ ), det vil seie midt mellom «verken enig eller uenig» og «delvis uenig». Dei fleste respondentane vurderte dermed totaltilboden som dårlegare enn normalt, og heile 57,1 prosent er delvis eller svært ueinige i påstanden (figur 12).



Figur 12 – Vurdering av totaltilboden under pandemien

### *Koret som sosialt nettverk*

På dette spørsmålet måtte respondenten vurdere følgjande påstand: «Koret har vært en svært viktig del av mitt sosiale nettverk under pandemien». Gjennomsnittsverdien låg på 3,12 ( $SD = 1,279$ ), svært tett på «verken enig eller uenig». Svara spreidde seg elles relativt godt utover alle svaralternativa (figur 13), noko som reflekterer variasjonen i både korverksem og individualitet blant medlemmene i NKST.




Figur 13 – Koret som del av det sosiale nettverket

#### *Tilhørsel til koret*

Det var knytt spenning til korleis NKST sine medlemmer ville reagere på lange periodar med redusert og unormal kordrift. Ville det påverke kjensla av tilhørsel medlemmene hadde for koret sitt? Påstanden dei måtte vurdere, var: «Tilhørigheten min til koret er blitt svekket gjennom denne perioden». Om ein ser på gjennomsnittet av svara, så ligg dette på nøyaktig 3,0, det vil seie på svaralternativet «verken enig eller uenig».


Standardavviket på dette svaret var større enn for dei andre svara ( $SD = 1,415$ ), noko som tyder på ei større spreiing av svara. Som ein kan sjå av figur 14, er det mest gitte svaret «delvis enig» (30,95 prosent), tett følgt av «svært uenig» (23,37 prosent). Dette teiknar eit bilet av at pandemien har påverka den kjensla kormedlemmene i NKST har av tilhørsel til kora sine, men ikkje systematisk i den eine eller andre retninga. For 38,11 prosent har denne perioden i liten grad påverka kjensla av tilhørsel, medan heile 46,11 prosent har opplevd ei svekking av tilhørselen til koret sitt (figur 14).




*Figur 14 – Tilhørsel til koret*

#### *Læringsutbyte og musikalsk utbyte*

Meir eintydige svar får ein når ein ser på korleis dei to påstandane «Jeg har lært mindre av å være med i koret denne perioden» og «Det musikalske utbyttet har vært like bra eller bedre enn normalt» er vurderte. For påstanden om lågare læringsutbyte låg gjennomsnittet på 2,05 ( $SD = 1,057$ ), det vil seie rett over «delvis enig». Heile 74,95 prosent var heilt eller delvis enige i at læringsutbytet har vore lågare (figur 15). Når det gjeld påstanden om musikalsk utbyte, låg gjennomsnittet her på 4,09 ( $SD = 1,028$ ), det vil seie rett over «delvis uenig». Av alle svara i denne kategorien er dette det tydelegaste, då heile 79,37 prosent vurderer det musikalske utbytet til å vere dårligare enn normalt (figur 16).



*Figur 15 – Læringsutbyte under pandemien*



*Figur 16 – Musikalsk utbyte under pandemien*

### Sakn i periodar utan fysiske øvingar

På dette spørsmålet fekk respondentane høve til å markere eit utval faktorar etter kor mykje ein sakna dei i periodar utan fysiske øvingar. Faktorane dei skulle vurdere frå 1 (saknar minst) til 5 (saknar mest), var i) det sosiale samværet, ii) noko å sjå fram til, iii) høvet til å komme i flytsona, iv) estetiske opplevingar, v) den «fysiske treninga» som synginga inneber, vi) sjølve stemmetreninga og vii) pustetreninga. Figur 17 syner dei ulike faktorane sortert etter gjennomsnittsverdi:

Faktor	Gjennomsnitt	SD
Det sosiale samværet	4,21	0,890
Stemmetreninga	4,03	0,984
Noko å sjå fram til	3,92	0,971
«Fysisk trening»	3,88	1,114
Høve for flytsone	3,80	1,031
Estetiske opplevingar	3,57	1,133
Pustetrening	3,48	1,135

Figur 17 – Faktorar som er blitt sakna i periodar utan fysiske øvingar


Faktoren som skil seg ut, er det sosiale samværet ein går glipp av i periodar utan fysiske øvingar. Dette lèt seg ikkje så lett erstatte med andre verkemiddel. På andre plass kjem stemmetreninga, noko som kanskje er meir overraskande. Dette gir meining for periodar der koret ikkje har øvingar, men sidan over 83 prosent melder om at koret har tilbydd digitale øvingar, kan dette tyde på at det er vanskelegare å oppnå den same stemmetreninga når ein deltek på digital øving heimanfrå, enn når ein får vere fysisk på øving saman med dirigenten og resten av koret.

## Koret etter pandemien

I denne delen av undersøkinga blei respondentane spurde om kva dei ønskta å ta med seg vidare i korverksemda etter at pandemien var over. Respondentar med styreverv fekk òg høve til å vurdere styrearbeid.

### Varige endringar for korverksemda

Som eit utgangspunkt blei respondenten spurd om å vurdere i kor stor grad erfaringane frå pandemien ville føre til varige endringar for verksemda til koret, frå 1 (i ingen grad) til 5 (i svært stor grad). Gjennomsnittet låg på 2,48 ( $SD = 0,975$ ), noko som vil seie at få forventar større endringar i korverksemda etter pandemien. Likevel er det berre 14,95 prosent som forventar ingen endringar, noko som betyr at heile 85,05 prosent forventar visse varige endringar, om enn ikkje så store (figur 18).




Figur 18 – Varige endringar som følge av pandemien

### Styrearbeid etter pandemien

Respondentar med styreverv blei spurde om å vurdere ei rekke utsegner om korleis dei ønskta å drive styrearbeid etter pandemien, og då først og fremst om rolla digitale styremøte kunne ha. Kvar påstand måtte vurderast med alternativa 1) «svært enig», 2) «delvis enig», 3) «verken enig eller uenig», 4) «delvis uenig» eller 5) «svært uenig».

### *Det fysiske styremøtet*


Kva blir rolla til det fysiske styremøtet etter pandemien? Har digitale styremøte blitt den nye og praktiske normalen som lettar arbeidet for styret? Ein påstand respondentane med styreverv måtte ta stilling til, var: «Vi kan gjerne kutte ut fysiske styremøter». På dette svarte heile 71,15 prosent at dei var svært ueinige, medan gjennomsnittet låg på 4,40 ( $SD = 1,112$ ). Berre 8,34 prosent var svært eller delvis einige i påstanden (figur 19).



Figur 19 – Fysiske styremøte etter pandemien

### *Det digitale styremøtet*


Kva så med det digitale styremøtet? Finst det rom for både fysiske og digitale styremøte i den framtidige korverksemda? Respondentane måtte vurdere påstanden: «Jeg ønsker å fortsette med digitale styremøter etter pandemien». Også her var responsen svært tydeleg med heile 67,95 prosent som svarte at dei var svært eller delvis ueinige i påstanden. Gjennomsnittsverdien låg på 3,88 ( $SD = 1,236$ ), medan 18,59 prosent var svært eller delvis einige i at digitale styremøte burde spele ei viktig rolle i styrearbeidet etter pandemien (figur 20).



Figur 20 – Digitale styremøte etter pandemien

#### *Er digitale styremøte praktiske og effektive?*

Tre av påstandane respondentane måtte vurdere, tok for seg eventuelle positive erfaringar med digitale styremøte. Det kan jo tenkast at ei slik møteform både tilbyr større effektivitet og enklare logistikk. Påstandane respondentane måtte vurdere, var: «Vi får gjort mindre på et digitalt styremøte enn på et fysisk styremøte», «Digitale styremøter er mer effektive enn fysiske styremøter», og «Det er enklere å finne tid til digitale styremøter enn til fysiske styremøter». Biletet desse svara teiknar, er mindre eintydig enn for dei to føregåande påstandane. Det er ein tendens til at ein får gjort mindre på digitale styremøte enn på fysiske, med eit gjennomsnitt på 2,65 ( $SD = 1,227$ ). Når det gjeld opplevd effektivitet på styremøte, meiner ein liten størstepart at dei fysiske møta stikk av med sigeren. Her låg gjennomsnittet på 3,20 ( $SD = 1,297$ ). Det som kanskje er mest overraskande, er at respondentane ikkje såg fordeler eller ulemper med digitale styremøte når det gjeld å finne tidspunkt. Gjennomsnittet for denne påstanden låg på 3,03 ( $SD = 1,307$ ). Det som likevel er gjennomgåande for responsen på desse tre påstandane, er eit relativt høgt standardavvik og god spreiing på dei ulike svaralternativa. Det er ikkje slik at ingen har teke stilling til kva dei digitale styremøta kan tilby – respondentane syner både entusiasme og sterke motførestillingar med omsyn til kva dei digitale styremøta kan gi (figur 21).




Figur 21 – Vurdering av digitale styremøte

### Kva tilbod vil du at koret skal ha etter pandemien?

Alle respondentane blei så bedne om å vurdere sju påstandar om eventuelle tilbod koret skulle ha etter at pandemien var over. Utsegnene tok for seg fysiske/digitale øvingar, bruk av digitale verktøy, årsmøtet og streamingkonsertar/-framføringer. Kvar påstand måtte vurderast med alternativa 1) «svært enig», 2) «delvis enig», 3) «verken enig eller uenig», 4) «delvis uenig» eller 5) «svært uenig».

#### Fysiske korøvingar


Påstanden som har gitt den mest einskaplege responsen i denne undersøkinga, var: «Jeg vil at alle øvelsene skal være fysiske». Heile 88,8 prosent av respondentane svarte «svært enig» på dette, og gjennomsnittet av svara var 1,17 ( $SD = 0,571$ ). Dette vitnar om at dei fysiske korøvingane er ein heilt sentral og umisteleg del av korverksemda og må prioriterast svært høgt i drifta framover (figur 22).




*Figur 22 – Behov for fysiske korøvingar*

#### *Digital deltaking og digitale korøvingar*

To påstandar tok for seg den digitale korøvinga som ein del av korverksemda etter pandemien: «Jeg ønsker at det skal gå an å delta digitalt på korøving når man ikke kan møte fysisk», og «Digital øvelse er et godt alternativ om det ikke går an å ha fysisk øvelse». Svara på begge desse påstandane hamna mellom «delvis enig» og «verken enig eller uenig», med ein gjennomsnittsverdi på 2,74 ( $SD = 1,327$ ) for digital deltaking når ein ikkje kunne møte fysisk, og 2,87 ( $SD = 1,375$ ) for digital øving som erstatning når det ikkje var mogleg med fysisk øving. Biletet er likevel på ingen måte eintydig. Som det går fram av figur 23 og figur 24, er responsen på begge påstandane spreidd relativt jamt utover alle svaralternativa, og sjølv om dei fleste vurderer høve for digital deltaking og digitale korøvingar som eit gode, er det òg ein stor del som ser ulemper med å ha dette som ein del av tilbodet etter pandemien.



Figur 23 – Behov for digital deltaking om fysisk oppmøte ikkje er mogleg




Figur 24 – Digital korøving som alternativ til fysisk korøving

#### Øvingsfiler og digitale verktøy

Noko det ikkje er så mykje ambivalens rundt, er ønsket om å ha digitale øvingsfiler og andre digitale verktøy som ein del av tilbodet etter pandemien. Påstanden respondentane vurderte, var: «Øvingsfiler/digitale verktøy (apper/nettsider/youtube e.l.) bør være en del av tilbudet». Med heile 82,95 prosent som var svært eller delvis enige, og med eit gjennomsnitt på 1,69 ( $SD = 0,944$ ), er det liten tvil om at den absolutte størsteparten av respondentane ønskjer å ha med seg dette vidare etter pandemien (figur 25). Datamaterialet frå denne studien seier som nemnt ikkje noko om i kor stor grad øvingsfiler / digitale verktøy var ein integrert del praksisen til


medlemskora i NKST før mars 2020, men det er i alle fall tydeleg at det bør vere det etter at pandemien er over.



Figur 25 – Øvingsfiler og digitale verktøy

#### Årsmøtet

Under pandemien rapporterte 56 prosent av respondentane at årsmøtet hadde blitt gjennomført digitalt (sjå figur 8). Korleis ser så respondentane på å gjennomføre dette digitalt også under meir normale tilstandar? Om ein ser på heile gruppa av respondentar, er det tydeleg at dei aller fleste ønskjer at årsmøtet skal bli gjennomført fysisk. 65,4 prosent er heilt eller delvis einige i påstanden «Årsmøtet må være fysisk», og gjennomsnittet av heile utvalet ligg på 2,07 ( $SD = 1,213$ ) (figur 26). Men kva om ein samanliknar dei som hadde erfaring med digitalt årsmøte under pandemien, med dei respondentane som ikkje hadde det? Ved å gjennomføre ein T-test for uavhengige utval med eit 95 prosents konfidensintervall finn ein at det er ein signifikant skilnad på dei to gruppene. Utvalet som hadde erfaring med digitalt årsmøte ( $n = 266$ ), var meir positive til digitalt årsmøte, med eit gjennomsnitt på 2,32 ( $SD = 1,253$ ), enn utvalet utan denne erfaringa ( $n = 209$ ), med eit gjennomsnitt på 1,74 ( $SD = 1,079$ ). Utan å spekulere for mykje i dette kan ein i alle fall seie at gjennomføringa av digitalt årsmøte sannsynlegvis ikkje har vore avskrekkande for dei det gjaldt.




*Figur 26 – Fysisk eller digitalt årsmøte*

#### *Streamingkonsertar/-framføringer*


Sidan berre 17,1 prosent av respondentane rapporterte streamingkonsertar/-framføringer (sjå figur 8), verkar ikkje dette for å ha vore ein svært utbreidd aktivitet.

Men korleis stiller respondentane seg til påstanden:

«Streamingkonserter/-oppredener er et viktig supplement til fysiske konserter/oppredener»? Med eit gjennomsnitt på 3,19 ( $SD = 1,208$ ) verkar meiningane om dette for å vere jamt fordelt blant medlemmene. 32 prosent er korkje einige eller ueinige, medan resten fordeler på begge sider (figur 27). Meir tydeleg blir responsen på påstanden: «Streamingkonserter/-oppredener er unødvendige etter pandemien». Over 50 prosent er svært eller delvis einige i denne påstanden, og med eit gjennomsnitt på 2,53 ( $SD = 1,238$ ) ligg tyngdepunktet på at dette ikkje er eit viktig tilbod å ta med seg etter at pandemien er over (figur 28). For begge påstandane finst det likevel ein merkbar prosentdel som ser på streamingkonsertar/-framføringer som eit viktig tilbod å ta med seg vidare, så biletet er ikkje eintydig.




Figur 27 – Streamingkonsertar/-framføringar som supplement



Figur 28 – Er streamingkonsertar/-framføringar nødvendige etter pandemien?

#### *Kva ser du mest fram til når pandemien er over?*

Gjennom to år med pandemi er mange blitt medvitne om kva dei ser mest fram til når normal kordrift er tilbake. Respondentane blei i dette spørsmålet spurde om å velje alternativet dei gledde seg mest til når pandemien var over. Alternativa dei hadde å velje i, var i) «Korturer (innenlands/utenlands)», ii) «Fysiske konserter med publikum», iii) «Korkonkurranser», iv) «Sosiale tilstelninger med koret», og v) «Festivaler/stemner». Respondentane hadde berre høve til å velje eit av alternativa. I figur 29 er svara deira rangerte frå mest til minst populært.



*Figur 29 – Kva ser ein mest fram til etter pandemien?*

Av desse alternativa er det heilt openbert at fysiske konserter er det som absolutt flest ser fram til. Heile 65,30 prosent har valt dette som det dei gler seg mest til etter at pandemien er over. På andre plass med 18,10 prosent kjem sosiale tilstellingar med koret, medan korturar, festivalar, stemne og korkonkurransar òg har sine fans. Ein kan undre seg på om ikkje fysiske øvingar (utan strenge smittevernrestriksjonar) hadde komme langt opp på denne lista om det hadde vore inkludert som eit alternativ, men som det kom fram tidlegare i rapporten, er saknet etter den fysiske korøvinga allereie svært tydeleg. Til saman utgjer dette resultatpresentasjonen frå studien.

## **Del 3 – Vegen vidare**

Resultata som er presenterte i del 2, syner kor utbreidde visse oppfatningar er, men dei seier lite om kvifor folk har svart slik dei har. Rapporten er dermed best eigna som eit utgangspunkt for vidare prosessar og samtalar i kormiljøet der resultata kan fordøyast og diskuterast i møte med erfaringsbasert kunnskap og levd korliv. I tillegg til å gi eit bilet av korleis pandemien har vore for medlemmer i NKST, er eit av formåla med undersøkinga å løfte fram erfaringar som kan vere til hjelp i utviklinga av korverksemda framover. Som ein mogleg inngang til prosessar og samtalar i kormiljøet vil denne delen løfte fram enkelte resultat frå del 2, og moglege tolkingar blir foreslått. Rapporten vil òg skissere nokre spørsmål som kan vere moglege utgangspunkt for diskusjon med tanke på utvikling av framtidig drift og praksis.

### **Korverksemda har tilpassa seg, men pandemien har hatt ein kostnad**

Samla sett teiknar resultata eit bilet av eit kormiljø som i stor grad har forsøkt å møte dei ulike utfordringane pandemien bar med seg. Dei aller fleste respondentane melder om mange tilbod dei har fått i regi av kora sine. Likevel må det løftast fram at 16,4 prosent av respondentane ikkje har fått tilbod om digitale øvingar, og at heile 22,1 prosent ikkje har fått tilbod om fysiske øvingar. Berre 19,8 prosent av respondentane melder om at koret deira har hatt sosiale tilstellingar i løpet av pandemien (figur 8). Til saman utgjer dette ei stor gruppe menneske som har måtta gå gjennom ein lang og krevjande periode utan tilgang til det musikalske og sosiale bidraget kordeltakinga vanlegvis har gitt livet deira. 14,3 prosent melder at dei på eit eller anna tidspunkt under pandemien tok permisjon frå koret sitt, noko som ikkje er så overraskande sett i lys av desse utfordringane (figur 7).

Dei fleste av kormedlemmene opplever òg at totaltilboden koret deira har gitt under pandemien, har vore dårlegare enn normalt. Berre 5,05 prosent uttrykkjer at tilboden dei har fått, har vore like bra eller betre enn normalt (figur 12). At nokon ser på tilboden under pandemien som jamgoda med eller betre enn det koret vanlegvis tilbyr, seier noko om kompleksiteten i kordrifta, og at naud av og til lærer naken kvinne å spinne. Naudløysingar kan i visse tilfelle gi heldige bieffektar, noko det hadde vore spennande å undersøkje nærmare.

At korverksemda er kompleks og variert, ser vi av korleis respondentane rapporterer om utbytet dei har hatt av kordeltakinga under pandemien. Dei aller fleste har opplevd redusert læringsutbyte og eit svakare musikalsk utbyte (figur 15, figur 16), noko som sannsynlegvis påverkar motivasjonen for kordeltakinga. Om ein ser på rolla koret har hatt som ein del av det sosiale nettverket til medlemmene, så varierer det sterkt, men dette heng nok saman med faktorar som korkultur og andre forhold i livet til medlemmene (figur 13). Ein bekymringsverdig faktor er at mange respondentar (46,11 prosent) rapporterer at tilhørselen deira til kora er blitt svekt under pandemien. Fleire rapporterer òg at dei er trøytte av digitale løysingar og ønskjer seg tilbake til mest mogleg fysisk samvær så snart det er mogleg (figur 22). Summert vitnar dette om at pandemien har hatt ein stor personleg kostnad for mange av medlemmene i NKST, både når det gjeld personleg utbyte av kordeltakinga og relasjonelle faktorar i korkollektivet.

### Diskusjonsspørsmål

1. Kven i koret har pandemien tært sterkest på, og kva treng ekstra merksemd og omsorg den første tida etter at pandemien er over?
2. Kva bieffektar (om nokon) av pandemigrepa koret har gjort, er det verdt å ta med seg vidare etter pandemien?

### Dei fysiske møta

Ikkje uventa er nokre av dei klaraste resultata i rapporten knytte til saknet etter og ønsket om å få vere fysisk saman med dei andre i koret, dei andre i styret og med publikum (figur 19, figur 22, figur 26, figur 29). Trass smittevernrestriksjonane som har vore aktive under pandemien, har dei fysiske øvingane blitt vurderte som relativt gode, særleg om ein samanliknar dei med dei digitale øvingane. Digitale korøvingar har vore svært utbreidde under pandemien, og over 80 prosent av respondentane melder om at dette har vore eit tilbod koret har gitt (figur 8). Kvaliteten på dei digitale øvingane har rett nok ikkje blitt opplevd som tilfredsstillande, med ei gjennomsnittleg vurdering langt under den gjennomsnittlege vurderinga av dei fysiske øvingane (figur 11).

Respondentane melder òg at det dei har sakna mest i periodar utan fysiske øvingar, er det sosiale samværet og det å få trennt stemma si (figur 17).

Respondentane er ikkje samstemte når det gjeld kva rolle digitale korøvingar og digital deltaking skal ha etter pandemien, og mange uttrykkjer skepsis til tanken om at desse formene skal få vere med inn i den «normale» korpraksisen. Desse resultata kan forståast som støtteerklæringer til den fysiske korøvinga og som eit uttrykk for frustrasjon over det den digitale korøvinga ikkje kan gi. Men skepsisen kan òg forståast som ei frykt for ei utvatning av den tradisjonelle forma for korøving. Kva hender når kormedlemmer kan velje om dei vil ta del fysisk eller digitalt? Kva skjer med moralen for oppmøte når ein kan «vere med» på øvinga frå si eiga stove? Vil medlemmer strekkje seg kortare for å få tid til å møte opp? Til sist kan skepsisen òg vekse ut av ei uro for kva kordeltakinga handlar om – er det viktigast med effektiv innøving av stemmer og musikalsk progresjonen, eller handlar korsongen vel så mykje om å vere saman fysisk og musikalsk, byggje relasjonar og gi struktur til kvardagen?

### Diskusjonsspørsmål

1. Kva rolle og form bør digitale korøvingar ha i korverksemda etter pandemien? Kva mistar/får ein i ei digital korøving samanlikna med ei fysisk korøving?
2. På kva måte ønskjer ein / ønskjer ein ikkje å opne for digital deltaking på fysiske korøvingar? Kva ulempar og fordelar kan dette føre til?

### Digitale verktøy og hjelpemiddel

Digitale verktøy og hjelpemiddel (øvingsfiler, appar, nettsider, YouTube og liknande) var mykje brukt under pandemien (figur 8), og det er sannsynleg at fleire kor og dirigenter har utforska dette alternativet i større grad i denne perioden som eit resultat av at tradisjonelle innøvingsmetodar ikkje var like lett tilgjengelege. Sjølv om kvaliteten på dei digitale øvingane er blitt vurdert lågt, gjeld ikkje dette bruken av øvingsfiler og digitale verktøy. Det same gjeld innspelingsprosjekt og streamingkonsertar/-framføringar, som er blitt vurderte som relativt gode tilbod (figur 11). Det er liten tvil om at øvingsfiler og digitale verktøy blir sett på som eit gode som bør bli med også etter pandemien – heile 82,95 prosent var svært eller delvis einige i dette (figur 25). Biletet er ikkje like eintydig når det gjeld behovet for å halde fram med streamingkonsertar/-framføringar. 50,53 prosent er svært eller delvis einige i at desse

måtane å opptre på er unødvendige etter at pandemien er over. 27,79 prosent er likevel svært eller delvis einige i at streamingkonsertar/-framføringar er eit viktig supplement til dei fysiske motstykkja. Tala tyder på at denne forma framleis kan ha ein plass i korverksemda etter pandemien, sjølv om dette ikkje vil gjelde størsteparten av kora. Kanskje kan desse formene gjere nokre kor sine framføringar tilgjengelege for eit nytt og anna publikum enn dei som vanlegvis kjem på konsertane?

### Diskusjonsspørsmål

1. Kva digitale verktøy og hjelphemiddel kan gi meiningsfull støtte til kordrift etter pandemien? Kven sitt ansvar er det å sørge for å lage/finne desse, og kven har ansvaret for at det fungerer godt?
2. Korleis kan ein sikre ein praksis kring digitale verktøy og hjelphemiddel som inkluderer medlemmene på best mogleg vis, og som samtidig tek vare på balansen mellom å lære *for seg sjølv* og å lære *saman*?

### Styre- og organisasjonsarbeid

Som det blei nemnt i del 1, finst det nokre signifikante skilnadar i responsen frå dei med og dei utan styreverv. Styremedlemmene har gjennomgåande vurdert aspekt ved kora sine tilbod høgare enn kormedlemmer utan styreverv. Dei med styreverv rangerer både totaltilboden, læringsutbytet og koret som ein viktig del av det sosiale nettverket høgare, og dei har heller ikkje i like stor grad som resten av kormedlemmene opplevd at tilhørselen til koret er blitt svekt (figur 2). Dette er eit interessant funn som er vanskeleg å tolke. Ei mogleg forklaring er at styrearbeid gir kormedlemskapet ein dimensjon som i mindre grad har vore påverka negativt av pandemien enn kva situasjonen har vore for kormedlemmer utan styreverv. Eit interessant spørsmål i denne samanhengen er om andre verv (utanom styreverv) eller anna ansvar i koret har bidrige på liknande måte ved å tilføre nye lag til kormedlemskapet. Ei anna mogleg tolking handlar om at dirigenten si viktige rolle under pandemien kan ha letta styrearbeidet, men svaret på dette ligg utanfor rammene for denne undersøkinga.

Dei generelle tendensane er likevel dei same for dei med og utan styreverv, og behovet for å kunne møtast fysisk gjeld i nesten like stor grad for styremøta som for

korøvingane (figur 19, figur 20). Respondentane melder heller ikkje om nokon openberre logistiske eller effektiviserande fordelar med digitale styremøte, noko som kanskje er litt overraskande (figur 21). Ein måte å forstå dette på kan vere at mykje styrearbeid sannsynlegvis allereie var digitalt før pandemien (e-post, chat), slik at eventuelle fordelar med digitale styremøte ikkje veg opp for ulempene ved å ikkje kunne møtast fysisk.

Når det gjeld årsmøte, melde over halvparten av respondentane at desse var haldne digitalt under pandemien (figur 8). Som nemnt i del 2 var respondentane med erfaring frå gjennomføring av digitale årsmøte i gjennomsnitt meir positive til at dette kunne bli med etter pandemien, enn dei som ikkje hadde denne erfaringa (figur 26). Dette kan ha fleire forklaringar. Det er nærliggjande å tenkje at dei som har prøvd å gjennomføre årsmøtet digitalt, ikkje har teke skrekken og kanskje har gjort seg erfaringar om at dette kan vere ei brukbar løysing i eit knipetak. Ei anna tolking kan vere at kor med god kompetanse på digitale løysingar, som dermed var i stand til å gjennomføre årsmøte digitalt, òg er litt meir positive til å ta med seg digitale løysingar etter pandemien. Uansett låg gjennomsnittet av responsen knytt til årsmøteforma godt på «fysisk» side, noko som tyder på at også årsmøtet blir sett på som ein viktig fysisk møteplass blant kormedlemmene der viktige aspekt blir borte når det blir arrangert digitalt.

## Diskusjonsspørsmål

1. Kva er årsaka til at styremedlemmer vurderer kora sine tilbod under pandemien litt meir positivt enn andre kormedlemmer? Korleis kan dette eventuelt bidra til å utvikle korverksemda for dei utan styreverv?
2. Finst det administrative element i korverksemda som med fordel kan gjerast digitale? Kva får/mistar ein ved å gjennomføre styremøte og årsmøte digitalt?

## Avslutting

Som det står i innleiinga, er det fleire perspektiv denne rapporten ikkje dekkjer, og det kanskje aller viktigaste av desse perspektiva høyrer til dirigenten. Dirigenten har spelt ei sentral rolle for dei fleste tilboda og tilpassingane kormedlemmene har fått i denne

perioden, og for mange dirigentar må pandemien ha sprengt rammene for kva jobben vanlegvis inneber. Under pandemien endra premissane for korverksemd seg drastisk, noko som igjen rørte ved etablerte dynamikkar og samarbeidsformer mellom dirigent, styre, forbund, kormedlemmer og publikum. Pandemien stiller dermed spørsmål også ved dirigentrolla. Er det til dømes dirigenten som skal ha ansvaret for produksjon av digitale verktøy og øvingsfiler, og er dette no eit tilbod som kormedlemmer og korstyre forventar? Er det dirigenten som skal leggje til rette for at medlemmer kan delta digitalt, og er det forventa at dirigenten lagar hybride metodiske opplegg som tek omsyn til eventuelle digitale deltakarar?

Eit anna spørsmål er om korverksemda vil finne tilbake til vande spor og etablerte praksisar når pandemien er over. Vil to år med pandemi ha skapt varige endringar i det norske samfunnet og i måten korverksemda blir gjennomført på? Respondentane i denne undersøkinga spår litt ulikt om dette. Berre 14,95 prosent trur at pandemien ikkje vil føre til nokon varige endringar, medan dei resterande 85,05 prosent meiner at noko, i større eller mindre grad, vil endre seg. 15,37 prosent trur at dei varige endringane vil vere relativt store (figur 18). Men kva vil eventuelt desse endringane vere? Vil forandringane skje på øvingar og styremøte, eller i praksisane kring reiser og utanlandsturar? Vil kora akseptere dei same rammefaktorane som tidlegare, der «smittevern» var eit relativt lite brukta framandord? Er det publikum som har endra seg og i mindre grad vil møte opp til små, fullstappa konsertsalar, som og i større grad er blitt vande med å få servert vakkert kulturelt innhald rett heim gjennom digitale medium? I ein slik situasjon er det freistande å bringe denne utfordringa til korfeltet og spørje korleis ein ønskjer å møte framtida etter pandemien? Etter å ha greidd seg gjennom to år med pandemi er utfordringa den same som ho alltid har vore: Korleis kan ein utvikle gode korfellesskap som er i stand til å skape meiningsfulle musikalske augeblikk? Men no skal denne utfordringa løysast ved hjelp av eit par ekstra verktøy og erfaringar (og ein splitter ny rapport) i verktøykassa.

## Kjeldeliste

- Alsved, M., Matamis, A., Bohlin, R., Richter, M., Bengtsson, P.E., Fraenkel, C.J., Medstrand, P., & Löndahl, J. (2020). Exhaled respiratory particles during singing and talking. *Aerosol Science and Technology*, 54(11), 1245–1248.  
<https://doi.org/10.1080/02786826.2020.1812502>
- Anderson, E.L., Turnham, P., Griffin, J.R., & Clarke, C.C. (2020). Consideration of the aerosol transmission for COVID-19 and public health. *Risk Analysis*, 40(5), 902–907. <https://doi.org/10.1111/risa.13500>
- Eiksund, Ø.J. (2019). *Koret som spenningsfelt: Mellom det små og det store* [Doktoravhandling, Noregs musikkhøgskole]. Oslo.  
<https://nmh.brage.unit.no/nmh-xmlui/handle/11250/2590585>
- Lewis, D. (2021). Superspreading drives the COVID pandemic – and could help to tame it. *Nature*, 590(7847), 544–546. <https://doi.org/10.1038/d41586-021-00460-x>
- Mæhle, Å. (2019, desember). Over 200 000 korsangere [Leiar]. *Korbladet*, 33(3), 3.  
[https://issuu.com/korforbundet/docs/korbladet\\_3\\_2019\\_trykk](https://issuu.com/korforbundet/docs/korbladet_3_2019_trykk)
- Mæhle, Å. (2020, 31. januar). Korsang har åpnet nordmenns hjerter i 175 år. *Korbloggen*. <https://korbloggen.no/korsang-har-apnet-nordmenns-hjerter-i-175-ar/>
- Rachel, C., & Scot, H.-W. (2021). Conducting During COVID: What is possible and how has the role of the conductor changed? *The Choral Journal*, 61(9), 65–73.
- Scott, R., & Irene, A.-L. (2021). COVID and the choral educator: Preparedness, perceptions, attitudes, and a way forward. *The Choral Journal*, 61(7), 46–60.

Theorell, T., Kowalski, J., Theorell, A.M.L., & Horwitz, E.B. (2020). Choir singers without rehearsals and concerts? A questionnaire study on perceived losses from restricting choral singing during the COVID-19 pandemic. *Journal of Voice*.  
<https://doi.org/10.1016/j.jvoice.2020.11.006>

# Vedlegg

## Vedlegg 1

E-post sendt 10. juni 2021

...

Klikk [her](#) hvis du vil åpne dette nyhetsbrevet i en nettleser.

Hei,  
korsanger i  
Norges  
Korforbund Sør-  
Trøndelag!



Styret i Norges Korforbund Sør-Trøndelag (NKST) har initiert en spørreundersøkelse blant våre korsangere i et samarbeid med NTNU.

*Formålet* er å undersøke erfaringer gjort i korsammenheng under COVID-19-pandemien.  
Spørreskjemaet er anonymt og vil normalt ta mellom 5-10 minutter å gjennomføre.

Håper du kan ta deg tid til å svare på noen spørsmål.

Resultatene fra spørreundersøkelsen vil inngå som en viktig del av grunnlaget for å videreutvikle tilbuddet i NKST.

**Frist for å svare er 17. juni 2021.**

Her er lenka: <https://nettskiema.no/.....>

På vegne av styret i NKST,



Klikk [her](#) dersom du ikke ønsker nyhetsbrev fra Norges Korforbund.

## Vedlegg 2

E-post sendt ut 20. august 2021

...

Hei, korsanger i Norges Korforbund Sør-Trøndelag!


Styret i Norges Korforbund Sør-Trøndelag (NKST) har initiert en spørreundersøkelse blant våre korsangere i et samarbeid med NTNU. Noen har allerede svart på denne undersøkelsen, men det gjenstår fortsatt svar fra mange av våre korsangere.

Formålet er å undersøke erfaringer gjort i korsammenheng under COVID-19-pandemien. Resultatene fra spørreundersøkelsen vil inngå som en viktig del av grunnlaget for å videreutvikle tilbuddet i NKST.

Spørreskjemaet er anonymt og vil normalt ta mellom 5-10 minutter å gjennomføre. Håper du kan ta deg tid til å svare på noen spørsmål.

**Ny frist for å svare er 1. september 2021.**

Her er lenken til spørreskjemaet: <https://nettskjema.no/.....>



**Besøksadresse:**

Kjøpmannsgaten 52  
7011 Trondheim

Sang hele livet!



[kor.no](http://kor.no)

[kor.no/nk-midt/sor-trondelag](http://kor.no/nk-midt/sor-trondelag)

[Facebook/Norges Korforbund Sør-Trøndelag](#)

## Vedlegg 3

### Erfaringer fra COVID 19-pandemien: Norges korforbund Sør-Trøndelag

Side 1

Obligatoriske felter er merket med stjerne \*

Denne undersøkelsen går ut til deg som er medlem i et av Norges korforbund Sør-Trøndelags (NKST) medlemskor. *Formålet* er å undersøke erfaringer gjort i korsammenheng under COVID-19-pandemien. Spørreskjemaet er anonymt og vil normalt ta mellom 5-10 minutter å gjennomføre.

Undersøkelsen blir gjennomført i et samarbeid mellom NKST og Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet (NTNU). Resultatene fra spørreundersøkelsen vil inngå som en viktig del av grunnlaget for å videreutvikle tilbuddet i NKST. Om du har spørsmål til undersøkelsen kan disse rettes til førsteamanuensis i musikk ved NTNU, [Øyvind Johan Eiksund](#).

**Tusen takk for at du tar deg tid til å gjennomføre denne undersøkelsen!**

#### Din bakgrunn

Hvor gammel er du? \*

Kjønn \*

- Kvinne
- Mann
- Annet/vil ikke svare

Er du medlem i flere enn ett kor? \*

- Ja
- Nei

 Dette elementet vises kun dersom alternativet «Ja» er valgt i spørsmålet «Er du medlem i flere enn ett kor?»

I resten av undersøkelsen må du velge ett av kormedlemskapene som utgangspunkt for svarene dine.

I hvor mange år har du sunget i koret du nå er medlem i? \*

Definerer du deg som amatør eller profesjonell sanger? \*

- Amatør
- Profesjonell sanger

Begynte du i koret under pandemien? \*

- Ja
- Nei

Har du konkrete planer om å slutte i koret i løpet av det nærmeste året? \*

- Ja
- Nei

Har du tatt permisjon fra koret ditt under pandemien? \*

- Ja
- Nei

Har du hatt styreverv i koret ditt under pandemien? \*

- Ja
- Nei

 Sideskift

Side 2

Obligatoriske felter er merket med stjerne \*

## Korets tilbud under pandemien

Hvilke av disse tilbudene har koret ditt hatt under pandemien?

Du kan huke av flere valg

- Fysiske øvelser
- Digitale øvelser
- Sosiale tilstelninger
- Øvingsfiler/digitale verktøy (apper/nettsider/youtube e.l.)
- Digitalt årsmøte
- Innspillingsprosjekter
- Fysiske konserter/opptredener
- Streamingkonserter/-opptredener

Hvor ofte har du deltatt på de fysiske øvelsene under pandemien? \*

**i** Dette elementet vises kun dersom alternativet «Fysiske øvelser» er valgt i spørsmålet «Hvilke av disse tilbudene har koret ditt hatt under pandemien?»

- Deltatt på alle eller så godt som alle
- Deltatt på de fleste
- Deltatt på litt mer en halvparten
- Deltatt på litt mindre enn halvparten
- Deltatt på veldig få eller ingen

Hvor godt synst du de fysiske øvelsene har fungert under pandemien? \*

**i** Dette elementet vises kun dersom alternativet «Fysiske øvelser» er valgt i spørsmålet «Hvilke av disse tilbudene har koret ditt hatt under pandemien?»

1 = Svært dårlig / 5 = Svært godt



Verdi



## Hvilken plattform har koret ditt hovedsaklig brukt for digitale øvinger? \*

**i** Dette elementet vises kun dersom alternativet «Digitale øvelser» er valgt i spørsmålet «Hvilke av disse tilbudene har koret ditt hatt under pandemien?»

- Zoom
- Teams
- Google Meet / Google Hangouts
- Facetime
- Annet/vet ikke

## Hvor ofte har du deltatt på de digitale øvelsene under pandemien? \*

**i** Dette elementet vises kun dersom alternativet «Digitale øvelser» er valgt i spørsmålet «Hvilke av disse tilbudene har koret ditt hatt under pandemien?»

- Deltatt på alle eller så godt som alle
- Deltatt på de fleste
- Deltatt på litt mer en halvparten
- Deltatt på litt mindre enn halvparten
- Deltatt på veldig få eller ingen

## Hvor godt synst du de digitale øvelsene har fungert under pandemien? \*

**i** Dette elementet vises kun dersom alternativet «Digitale øvelser» er valgt i spørsmålet «Hvilke av disse tilbudene har koret ditt hatt under pandemien?»

1 = Svært dårlig / 5 = Svært godt



Verdi

## Hvor godt synst du de sosiale tilstelningene har fungert under pandemien? \*

- i** Dette elementet vises kun dersom alternativet «Sosiale tilstelninger» er valgt i spørsmålet «Hvilke av disse tilbudene har koret ditt hatt under pandemien?»

1 = Svært dårlig / 5 = Svært godt



Verdi

## Hvor godt synst du øvingsfiler/digitale verktøy (apper/nettsider/youtube e.l.) har fungert under pandemien? \*

- i** Dette elementet vises kun dersom alternativet «Øvingsfiler/digitale verktøy (apper/nettsider/youtube e.l.)» er valgt i spørsmålet «Hvilke av disse tilbudene har koret ditt hatt under pandemien?»

1 = Svært dårlig / 5 = Svært godt



Verdi

## Hvor godt synst du det digitale årsmøtet har fungert under pandemien? \*

- i** Dette elementet vises kun dersom alternativet «Digitalt årsmøte» er valgt i spørsmålet «Hvilke av disse tilbudene har koret ditt hatt under pandemien?»

1 = Svært dårlig / 5 = Svært godt



Verdi

## Hvor godt synst du innspillingsprosjekter har fungert under pandemien? \*

- i** Dette elementet vises kun dersom alternativet «Innspillingsprosjekter» er valgt i spørsmålet «Hvilke av disse tilbudene har koret ditt hatt under pandemien?»

1 = Svært dårlig / 5 = Svært godt



Verdi ▲ ▼

## Hvor godt synst du fysiske konserter/opptredener har fungert under pandemien? \*

- i** Dette elementet vises kun dersom alternativet «Fysiske konserter/opptredener» er valgt i spørsmålet «Hvilke av disse tilbudene har koret ditt hatt under pandemien?»

1 = Svært dårlig / 5 = Svært godt



Verdi ▲ ▼

## Hvor godt synst du streamingkonserter/-opptredener har fungert under pandemien? \*

- i** Dette elementet vises kun dersom alternativet «Streamingkonserter/-opptredener» er valgt i spørsmålet «Hvilke av disse tilbudene har koret ditt hatt under pandemien?»

1 = Svært dårlig / 5 = Svært godt



Verdi ▲ ▼

## Hvordan har du opplevd korets tilbud under pandemien?

Vurder følgende påstander fra «svært enig» til «svært uenig»

	Svært enig	Delvis enig	Verken enig eller uenig	Delvis uenig	Svært uenig
Jeg synes totaltilbuddet koret har gitt meg har vært like bra eller bedre enn normalt *	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Jeg har lært mindre av å være med i koret denne perioden *	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Tilhørigheten min til koret er blitt svekket gjennom denne perioden *	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Koret har vært en svært viktig del av mitt sosiale nettverk under pandemien *	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Det musikalske utbytet har vært like bra eller bedre enn normalt *	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>

## Hva har du savnet mest i perioder uten fysiske øvelser?

1 = savnet minst / 5 = savnet mest

	1 (savnet minst)	2	3	4	5 (savnet mest)
Det sosiale samværet *	<input type="radio"/>				
Noe å se fram til *	<input type="radio"/>				
Muligheten til å komme i flytsonen *	<input type="radio"/>				
Estetiske opplevelser *	<input type="radio"/>				
Den «fysiske treningen» som syngingen innebærer *	<input type="radio"/>				
Selve stemmetreningen *	<input type="radio"/>				
Pustetreningen *	<input type="radio"/>				

Obligatoriske felter er merket med stjerne \*

## Koret etter pandemien

I hvor stor grad tror du erfaringene fra pandemien vil føre til varige endringer i virksomheten til koret ditt? \*

1 = i ingen grad / 5 = i svært stor grad

1 (i ingen grad)

2

3

4

5 (i svært stor grad)

**i** Dette elementet vises kun dersom alternativet «Ja» er valgt i spørsmålet «Har du hatt styreverv i koret ditt under pandemien?»

Hvordan ønsker du at styrearbeidet i koret skal foregå etter pandemien?

Vurder følgende påstander fra «svært enig» til «svært uenig»

	Svært enig	Delvis enig	Verken enig eller uenig	Delvis uenig	Svært uenig
Jeg ønsker å fortsette med digitale styremøter etter pandemien *	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Vi får gjort mindre på et digitalt styremøte enn på et fysisk styremøte *	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Digitale styremøter er mer effektive enn fysiske styremøter *	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Vi kan gjerne kutte ut fysiske styremøter *	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Det er enklere å finne tid til digitale styremøter enn til fysiske styremøter *	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>

Hvilket tilbud ønsker du at koret skal ha etter at pandemien er over?

Vurder følgende påstander fra «svært enig» til «svært uenig»

	Svært enig	Delvis enig	Verken enig eller uenig	Delvis uenig	Svært uenig
Jeg vil at alle øvelsene skal være fysiske *	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Jeg ønsker at det skal gå an å delta digitalt på korøving når man ikke kan møte fysisk *	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Digital øvelse er et godt alternativ om det ikke går an å ha fysisk øvelse *	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Øvingsfiler/digitale verktøy (apper/nettsider/youtube e.l.) bør være en del av tilbuddet *	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Årsmøtet må være fysisk *	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Streamingkonserter/-opptredener er et viktig supplement til fysiske konserter/opptredener *	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Streamingkonserter/-opptredener er unødvendige etter pandemien *	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>

Hvilke av de følgende alternativene gleder du deg mest til når pandemien er over? \*

Du kan bare velge ett av alternativene

- Korturer (innenlands/utenlands)
- Fysiske konserter med publikum
- Korkonkurranser
- Sosiale tilstelninger med koret
- Festivaler/stemner

Hva er det viktigste du ønsker koret skal ta med seg videre fra pandemiperioden?

Dette spørsmålet er frivillig. Husk på å ikke fylle inn noe personidentifiserende.